

Vedlegg i samband med innspel om mediepolitikk frå LLA april 2021

Forslag om ny støtteordning for å bidra til kunnskaps- og kvalitetsløft i media.

Ressursar til Redaksjonelle samarbeidsprosjekt i regi av LLA og SUJO

”Den store folkevandringa” er eit samarbeidsprosjekt mellom NRK, LLA og SUJO (Senter for undersøkande journalistikk).

Dei tre siste vekene i april har lokalaviser i LLA publisert nær 500 saker i eit stort samarbeidsprosjekt ”Den store folkevandringa”. I tillegg har NRK publisert ei rekke saker, og hatt ei fleire debattar i både radio og fjernsyn.

Prosjektet byrja alt i det små i 2019 med planlegging. Først med fleire møter mellom dei tre partane, for å sjå om dette var mogleg å få til. Vi vart samde om å prøva, og startskotet gjekk ved at totalt 15 redaktørar frå lokalavisene, NRK, og Sujo møttes og hadde ein workshop, for å kome fram til tema. Over 50 ulike idear kom opp, men ein landa i denne omgang på «Folkevandringa». NRK har brukt mykje ressursar på research i ei reasearchgruppe der LLA og har vore representert med ein redaktør frå lokalavisa Dølen (finansiert gjennom LLA). Det var naudsynt å ha med nokon frå lokalavisene for å ha lokal-avis perspektivet med i arbeidet. Denne gruppa har funne og sett saman tal på ein måte som har gitt lokalavisene grunnlag for å lage viktig og interessant journalistikk. Sujo har vore med i all planlegging i forkant, og vore sentrale heilt frå oppstarten. Dei har brukt store ressursar på å dela sin kompetanse for å hjelpe lokalavisene til å utnytte materialet, til å finne gode vinklingar og spennande presentasjoner. Frå oppstarten og i tre veker hadde SUJO daglege verkstadrom for alle avisene, der Sujo leia møta, kom med råd og innspel. Samtidig fekk lokalavisene møtest på tvers av storleik og geografi. LLA har også delteke på alle møta for å koma med synspunkt og tankar, noko NRK og har gjort. Sujo har bidrige sterkt til å løfte sakene som no står på trykk i aviser landet rundt. LLA har stått sentralt i prosjektet frå ide til gjennomføring og koordinert og leia samarbeidet. LLA har ikkje minst motivert avisene til å vere med på satsinga og gjennom direkte kontakt og idebanken kome med idear til saker. LLA har også hatt kontakt med avisene heile vegen og bidrige for å hjelpe aviser som ikkje er kome i gang, og hjelpe dei undervegs. All dokumentasjon av saker som vert laga er det og LLA som tek arbeidet med, og systematiserer og arkiverer. LLA, NRK og SUJO har i tillegg hatt daglege evalueringsmøter. Det har også vore fleire inspirasjonslunsjar, med ulike tema, både med interne og innleigde førelesarar.

Sujo og LLA har tøygd ressursane som er henta fram til prosjektet, og har ikkje ressursar til å fortsetje med den aktive rolla utover april. Det er synd, for kanskje er det den beste journalistikken som står på vent. Nå burde det vore ressursar til å lage saker om kva ein skal gjere med situasjonen som er dokumentert. Kva kan gjerast i det enkelte lokalsamfunn. Fleire lokalaviser vil forhåpentleg gjere dette på eige initiativ, men det er klart at her skulle vi haressursar til å løfte temaet vidare og

slik fått endå større innsikt og kanskje til og med funne gode løysingar på korleis ein skal handtere nedgang i folketalet i dei fleste lokalsamfunn.

LLA og Sujo ser det som svært viktig å få etablert eit samarbeid over tid, med tilstrekkeleg ressursar gjennom finansiering over statsbudsjettet.

Det handlar om å utnytte ein situasjon der LLA og Sujo utfyller kvarandre så godt når det gjeld å nå fram til dei små lokalavisene og slik hjelpe dei til å løyse samfunnsoppdraget endå betre. Dette er viktig, ja kanskje heilt avgjerande for at desse lokalavisene skal ha tyngde og kraft nok i lesarmarknaden til å klare seg i framtida. Det er slik viktig for å oppretthalde mediemangfaldet. I denne omgang er det NRK som har vore samarbeidspartnar, og det arbeidet ønskjer vi sterkt å halda fram med. Ved seinare høve kan det og vera mogleg at Sujo og LLA saman set i gang prosjekt på eige initiativ og med andre samarbeidspartnarar. Dette har ikkje organisasjonane økonomi eller musklar til i dag.

Det er også viktig å få NRK med på satsinga vidare ved at dei byd på sin kompetanse og sine ressursar både i research og publisering.

I tillegg til at lokalavisene gjennom eit slikt samarbeid får løfta sakene som er ein del av prosjektet vil dei også få kunnskap i arbeidsmetodar og kjeldebruk som også vil kome til nytte i all journalistikk og løfte kvaliteten og blir rusta til å laga enno betre aviser.

Lokalavisa er ofte den første arbeidsplassen for dei som startar ein journalistisk yrkesveg og eit kontinuerleg tiltak vil slik etter kvart gje positive ringverknader for heile mediebransjen.

Dette samarbeidet har til fulle fått fram potensialet som kan utløysast gjennom handlekraftig samarbeid mellom tre viktige partar for norsk mediemangfold. Dette er eit samarbeid som ikkje hadde vore mogleg å få til utan at dei tre partane var med gjennom heile prosessen.

Konkret forslag:

LLA og Sujo vil be om at det for 2022 og framover blir sett av 4 millionar kroner med det som mål å løfte kompetansen og kvaliteten i lokale og mindre redaksjonar i undersøkande journalistikk og i samarbeid mellom redaksjonar, i regi av SUJO og LLA.

I praksis ser vi det som naturleg og rett at løyvinga blir delt likt mellom partane.

Oslo/Husnes 30.april 2021

Landslaget for lokalaviser

Tomas Bruvik

generalsekretær